

Alder: 3-5 år

Fokusområde 1: Vaksenrolla i høve barn sin sosiale kompetanse i uteleiken

Standard: For å oppnå god kvalitet på vaksenrolla i høve barn sin sosiale kompetanse i uteleiken, skal eg som medarbeidar:

Indikator 1: Den vaksne er engasjert og deltakande.

Beste praksis: Eg som vaksen skal vere ein aktiv pådrivar til å introdusere nye leikar for barna og kome med innspel som kan vidareutvikle den leiken dei er i.

Indikator 2: Alle barn har ein ven og nokon å leike med.

Beste praksis: Eg som vaksen skal sjå barn som er utanfor og hjelpe dei inn i leik med andre barn eller skape ein leik med desse barna som gjer at andre barn får lyst å vere med.

Indikator 3: Det er observerande og tydlige vaksne i dialog med barn.

Beste praksis: Eg som vaksen skal vise interesse for, bekrefte, lytte og vere i samtale med barna.

Indikator 4: Det er gode relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksen.

Beste praksis: Eg som vaksen skal vise at eg har tid til det enkelte barnet.